



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Pressemelding

Dato: 10. juni 2013

2,5 millionar kroner til Lokal samfunnsutvikling i Hordaland

Hordaland fylkeskommune har som mål at kommunane skal vere gode initiativtakarar, utviklarar, rådgivarar og pådrivarar for lokale utviklingsprosjekt og nyetablerarar.

Kommunal- og regionaldepartementet tildeler 30 nye millionar kroner til fylkeskommunane for at dei skal halde fram med å vidareutvikle si samhandling med kommunane.

- Mitt inntrykk er at mange kommunar no arbeider aktivt med å utvikle attraktive lokalsamfunn ved at dei samarbeider med fylkeskommunen om kompetanse og kapasitet, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Kommunane i Hordaland skal i større grad planlegge, mobilisere, samarbeide og gjennomføre eigne utviklingstiltak i samspel med lokale ressursmiljø, regionråda og andre lokale og regionale utviklingsaktørar.

Hordaland fylkeskommune skal:

- Styrke satsinga på ny portal for samfunnsutvikling "Kom-an.no" gjennom vidareutvikling av base for kompetanse og nettforum og opplæring for samfunnsutviklarar.
- Bygge opp under kommunane sitt arbeid med tilrettelegging for entreprenørar og næringsliv og samfunnsutvikling gjennom konferanse for styrka entreprenørskap og "Vestlandsk vidsyn", opplæringsprogram og nettverk for etablerarretteleiarane og kurs i samfunnsentreprenørskap.
- Utvide arbeidet med lokal samfunnsutvikling gjennom å invitere inn fleire kommunar og lokalsamfunn i "LivOg Lyst" programmet .
- Gjennomføre dialogmøte, konferansar om lokal samfunnsutvikling og utvikle betre intern informasjon og samordning i møte med kommunane.
- Premiepott til vellukka prosjekt med eldsjeler og premiepott til kommunar som driv god utvikling av næring og samfunn.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00